

Notat

Frå: fylkesdirektøren for opplæring

Dato
LEIKANGER, 21.03.2018

Til: hovudutval for opplæring

Rapport om arbeidet som språkkommune

I Sogn og Fjordane fylkeskommune er Dale vidaregåande skule og Eid vidaregåande skule med i språkkommunesatsinga.

Utdanningsdirektoratet bad om ei kort rapportering på fylkeskommunen sitt arbeidet på satsinga *Språkkommuner* på desse punkta:

- *organisering, innhold, deltakelse og læring i nettverkene*
- *bruk av ressursperson til å støtte utviklingsarbeidet*
- *utvikling og innhold i lokal språk-, lese- og skrivestrategi med politisk forankring*
- *forankring av arbeidet med språk, lesing og skrivning hos ledere og lærere i barnehager og skoler*
- *samarbeid med Lesesenter eller Skrivesenter*

Dale vidaregåande skule starta arbeidet sitt med å arrangere ein felles kursdag som inngang til prosjektet. Denne dagen skjedde i samarbeid med ungdomsskulane i Fjaler, Hyllestad og Våge. Innhaldet vart utarbeidd i samarbeid med Skrivesenteret, og la vekt på den generelle delen av læreplanen: *Kva seier den generelle læreplanen om lesing og skrivning, og korleis kan lesing og skrivning skje på dei ulike faga sine premisser?*

Dette gjorde dei ulike faglærarane meir medvitne om rolla som lese- og skrivelærar.

I januar 2017 sette Dale vidaregåande skule ned ei ressursgruppe til å jobbe med introduksjonspakken i [Språkløyper](#). Gruppa er sett saman av lærarar frå både humanistiske fag, realfag og yrkesfag. Leiinga er representerte i gruppa. I fellesskap valde gruppa ut to satsingsområde:

- *I kor stor grad meiner du at lærarane legg til rette for at elevane utviklar lese- og skrivestrategiar?*
- *I kor stor grad meiner du at lærarane gir elevane modellar og rammer for tekstane dei skal skrive?*

Alle lærarane arbeider innanfor minst eitt av område, og arbeidet vert jamleg delt i kollegiet og evaluert av elevane.

Språkløype-prosjektet har gjort alle meir medvitne om rolla faglærar har som lese- og skrivelærar, og har opna for pedagogiske diskusjonar.

Eid vidaregåande skule si målsetjing med språksatsinga er at alle lærarar skal bli bevisste rolla si som leselærar. Dette er forankra i skulen sin utviklingsplan, og det endelege målet er å auke meistring, trivsel og gjennomføring, og gjere elevane budde til vidare studiar og arbeidsliv. For å auke kompetansen om lese- og læringsstrategiar har skulen hatt samarbeid med Lesesenteret, brukt nettressursen *Språkløyper* og hatt fellessamlingar med tema «lesing i alle fag». I tillegg startar skuledagen med ei 15 minuttars leseøkt i vg1 og vg2 klassane.

Det siste året har Eid vidaregåande delteke i nettverk med Nordfjordkommunane som vart språkkommunar i 2017. Innhaldet i nettverkssamlingane har vore erfaringsutveksling om arbeidet med organisering og målsetjing av språkutvikling og om Språkløyper.

Økonomi:

Fylkeskommunen fekk tildelt 622 000 kr. for å delta i språkkommunesatsinga. Begge dei vidaregåande skulane er tildelt nasjonale midlar, blant anna til å frigjere ein ressursperson på skulen for å følge opp satsinga. Begge skulane har hatt ressursperson som har koordinert arbeidet.

1 vedlegg

Språkstrategi